




SOLRENNING

01 APR. 1982
mars - 1982

FFP - 82 ?

Jeg satt i den sentrale FFF-komiteen i fjor, og har en del hypoteser jeg har lyst til å lufte i den anledning.

1. FFF i fjor.

- FFF har stagnert de siste 2-3 årene, både mht. antall deltakere, sammensetning av deltagere (yrke, alder, kulturbakgrunn ol.). Også den politiske profilen virker noe stivnet. En har jo med de siste invasjonene, men ellers er det mye det samme. Dette til tross for at det er nettopp de siste årene angrepene på levestandarden virkelig har satt inn, og angrepene på arbeidsplassene og distriktene virkelig har økt. Denne situasjonen maner til ettertanke. Jeg ser i ånden FFF 1992 med 2200 deltagere, gjennomsnittsalder 40 år, med omtrent samme paroler som i fjor, i sannhet en tragisk visjon.

tilknytning til fagbevegelsen. Ingen skoleelever eller studenter observert. Det er interessant.

- Hva var den politiske forskjellen på togene i fjor? I tiden før 1. mai er det alltid vanskelig å få klart hva Samorg har tenkt å vedta. Det er ikke alltid like lett å holde en klar profil i forhold til deres parolegrunnlag. I fjor var de to viktigste forskjellene, så vidt jeg forsto, støtten til rørleggerne og Altasaken. En kan også falle tilbake på argumentasjonen om at en ikke vil gå sammen med pampene og Andahl-Pedersen. I og for seg et godt argument, men vel ikke av de mestskremmende, for en kan jo og komme i selskap med noen aktive fagforeningskamerater i et Samorgtog.

- I fjor gikk en rekke ml-ere i begge togene. Et ~~særtrekk~~ særtrekk ved de ml-erne var etter mine undersøkelser at nesten samtlige hadde

2. Forholdene i år.

Situasjonen i år er noe forskjellig fra i fjor. I år har vi tariffopp-

gjøret. Vi har en Høyre-regjering med dertil hørende forhold fagbevegelse-regjering. Angrepene på folks levekår er mer skjerpa enn i fjor. Vi har en Polen-krise med bred humanitær støtte og vekslende politisk analyse. Vi har et år med de største fredsdemonstrasjonene i Europa i manns minne, og dertil hørende fredsdebatt i Norge. Sikkert andre ting og. Men vi har noe som ligner mye på i fjor og, en ml-bevegelse med sympatisører. Situasjonen der er vel omtrent som i fjor, muligens et hakk dårligere.

- Hva skjer? Jeg har litt tro på den berømmelige generasjonsteorien. Ml-bevegelsens medlemmer bærer i hovedsak rekruttert før 1975. De har som oftest en ganske lik kulturell, generasjonsmessig, klassemessig og historisk bakgrunn. I tillegg har vi jo sittet og diskutert med hverandre i mellom 5 og 10 år. Vi skulle vel bli en ganske ensartet gruppe etterhvert. Andre ting spiller selvsagt og inn. Men nå skriver vi -82 og mange i 68-generasjonen begynner å

finne sin plass i sofaen, verden ble ikke som vi tenkte og vi har ingen til å ta over. Kort sagt, 68-generasjonen har utspilt sin historiske rolle, ennå er det nok noe sympati å hente frem der men neppe noe rekrutteringsskred.

- Hvor skal vi nå gå vi som vil ha revolusjon. Det er vel forskjellige muligheter. En er å gå i frø. En annen er å sette opp lister over kjente i 68-gjengen og bruke den ~~berømte~~ berømte "munntil munn" metoden. Beundringsverdig men neppe særlig resultatgivende. Eller man kan legge om stilen i årene som kommer og få nye folk i tale. F. eks. det som kalles arbeiderklassen. Jeg tror faktisk det er den eneste farbare veien.

- Så skal jeg prøve å samle trådene litt. Hypotesen blir da omtrent sånn:

I fjor gikk en del ml-ere i Samorg-tog fordi de identifiserte det og seg med arbeiderklassen. Det lot seg gjøre fordi den politiske forskjellen mellom de to togene var uklar, og FFF har unektelig en mer kultur-

radikal 68 imager, enn
Samorg-toget.

Hva bør gjøres i 1982?

- Jeg tror ikke det kan
gjøres voldsomme ting i
år. Problemet er for om-
fattende til det. Hvis
det blir FFF-tog i år
vil jeg tippe ca. 2000
i tog. Men hvis det er
sånn at vi lever i en
brytningstid må vi gi
det nye en sjanse til å
slippe frem. Hadde det
eksistert en fagopposi-
sjon i fagbevegelsen,
med en fasttømra poli-
tisk plattform hadde
saken vært enkel, men
det fins ikke. Det nær-
meste jeg kan se eksi-
sterer er det som kal-
ler seg Solidaritet i
fagbevegelsen, og de vil
sikkert la høre fra seg
før tariffoppgjøret.

org. Først og fremst om
disse sentrale faglige
sakene, for det er der
jeg tror det er viktigst
å rive maska av dem.
Forøvrig kan de andre
sakene kjøres etter van-
lig snitt.

- Jeg sitter ikke inne
med materiale som kan
peke ut noen faglige
merkesaker, men jeg me-
ner det bør taes opp
umiddelbart.

Ta [REDACTED].

- Hva bør en så gjøre?
Jeg mener en bør stille
faglige krav i sentrum
til 1. mai.
For det andre må en følg-
ge utviklinga før tariff-
oppgjøret nøye. Hvis vi
kan få 3-4 merkesaker
her, har vi kommet lagt.
For det tredje må det
legges uhyre stor vekt
på å forhandle med Sam-

DOBBLTMORAL???

På fylkesårsmøtet vart dette vedtatt einstemmig:

"Det er enhet om å akseptere vedtektene og vedtakene fra 3. landsmøte som vårt eksterne politiske grunnlag."
(Mi understreking).

Eit par-tre veker etter årsmøtet blir eit medlem av NKS oppsøkt av ein frå den gruppa som gjekk ut av NKS for vel eit år sidan. NKS-medlemmet får vite korleis vala hadde utvikla seg på årsmøtet, at A [redacted] (nemnt ved sitt sivile namn) hadde blitt vraka til DS med knapp margin, og at resten av opposisjonen sine kandidatar deretter trekte seg.

NKS-medlemmet får også vite at opposisjonelle i partiet er "svært åpne" overfor gruppa som melde seg ut av NKS.

Tidlegare har samme gruppa fått interne partiskriv frå folk i opposisjonen.

Om det er nokon som var på årsmøtet som er kjelda til dei utmelde NKS-arane er uråd å seie sikkert, men det kan jo

verke sannsynleg på grunn av dette skjedde før referata ffå årsmøtet var sendt ut til partilaga. I så fall er brotet på vedtektene særleg grovt.

I alle høve er slike bevisste "lekkasjar" ein stil som ikkje er eigna til å styrke einskapen i fylkespartiet. Om vi skal kunne føre ein diskusjon som har einskap som målsetting, er første bod at vi må ha tilitt til kvarandre. Slike handlingar som dette er ikkje akkurat tillitsfremjande.

Eg ventar derfor på ein sjølvkritikk frå "lekkasjen".

N [redacted].

FREDSDEBATT

Opptrykk:

ÅPNE MØTER OM FREDSARBEID OG SYNET PÅ FREDSBEGVELSEN

Endelig! Nå kommer de lenge omtalte studiemøtene om freds-
politikk og om forholdet til fredsbevegelsen. Møtene blir
åpne for alle interesserte.

1. møte Torsdag 18. februar 1982 kl. 19.30

Om grunnlaget for fredspolitikken

Motsetningene i debatten til nå.

Motsetningene i synet på grunnlaget for en fredspolitik.
Utviklingen av de to supermaktene USA og Sovjet og forholdet
mellom dem. Hvordan må kampen mot supermaktene rettes inn
for at den skal kunne være fredsfremmende? Er det f.eks.
sentralt at en atomfri sone ikke bare skal spesifiseres til
Norge, Sverige, Danmark og Finland?

Innledere: Torstein [redacted] og Hallvard S [redacted]

Sted: Gimle, 2. etg.

2. møte *Onsdag 17. mars*
~~Torsdag 18. februar~~ 1982 kl. 19.30

Om fredsbevegelsen og partiets holdning til den

De ulike vurderingene av hva fredsbevegelsen faktisk står for,
spesielt med vekt på "Nei til atomvåpen".

Kritikken av partiets holdning til fredsbevegelsen. Hvordan
bør partiet arbeide i/overfor fredsbevegelsen?

Sted: Gimle, 4. etg.

Innledere ~~ikke fastlagt~~.

*Torstein
Minne* [redacted]

MØT OPP! MØT OPP! MØT OPP! MØT OPP! MØT OPP! MØT OPP!

Innledningene fra møtet 18. febr. følger:

-Grunnlaget for fredspolitikken
NALLVÅR [redacted]:

Hovedproblemet til AKPs fredspolitik er mangelen på oppslutning. Siden vi vedtok vårt militærpolitiske program for 3-4 år siden, har vi ikkje oppnådd noko. - NEI TIL ATOMVÅPEN samla 8000 i ein demonstrasjon i Oslo som AKP boikotta, medan NUSO arrangerte ein demonstrasjon på "rett grunnlag", støtta av AKP, med bare 850 deltakarar. Kva er årsaka til denne dårlege oppslutninga? Nokre hevdar: vår heilstøpte freds- og forsvarspolitik er så komplisert at han er krevjande å setja seg inn i; andre: vi har ein god politikk, men har gjort lite for å setja han ut i livet; attar andre: folk er skremt av førkrigsperspektiva - alt dette er bare bortforklaringar, ÅRSAKA ER RETT OG SLETT AT FREDS- OG FORSVARSPOLITIKKEN TIL PARTIET ER FEIL - NETT SOM VÅR FAGLEGE POLITIKK HAR OPPSLUTNING FURDI FAGLEG-POLITIKKEN VÅR ER RETT.

AKP har ein freds- og forsvarspolitik som er dårlegare enn SV sin. Eg vil leggja fram ein kritikk i 4 punkt:

- 1) Ei grunnleggjande galen vurdering av kampen mot dei to supermaktene - no driv vi einsidig kamp mot Sovjet.
- 2) Ei grunnleggjande galen vurdering av den nye fredsørsla. AKP vurderer ho hovudsakleg negativt (sovjetisk innverknad, pasifisme osv.) - men i hovudsak er fredsørsla positiv.
- 3) Ei dogmatisk oppfatning av krigsfaren som noko "uunnåelegg". AKP har aldri stilt kampen for freden som ei alvorleg oppgåve.
- 4) Ei urealistisk oppfatning av korleis ein ny krig vil arta seg. AKP bagatelliserer betydninga av atomvåpen.

I dag er det forbløffande ukontroversielt å hevda at juntaen i Chile er likeverdig med juntaen i Polen. Vi har opplevd eit klimaskifte i norsk politikk - synspunkt AKP sto aleine om for 10 år sidan, at USA og Sovjet er to supermakter og fiendane til folk i verda, har no almann oppslutning mellom folk - men no har AKP forlatt dette synet! Prinsipp-programmet AKP vedtok i -76 var godt, og held mål enno i dag, medan det nye programmet frå -80 er dårleg. Programmet frå 1980 tar ikkje opp hovudmotsetninga i verda - men arbeidsoppgavene det stiller, gir ein klar peikepinne

"Kreftene må samlast mot Sovjets krigspolitikk:

.....

I 1980 er den mest brennende oppgåva for folka i verda å skapa ein brei internasjonal front mot Sovjets ekspansjons- og krigspolitikk."

Kampen mot USA-imperialismen kjem under avsnittet: "Kampen mot anna imperialistisk undertrykking" (s. 23).

Jamfø r 1976-programmet:

"Dei imperialistiske supermaktene Sovjet og USA er i dag hovudfienden for folka i verda. Dei er hovudkrafta som held det imperialistiske verdssystemet oppe. Dei er den militære garantien for all imperialisme og for reaksjonære regime over heile verda. Kampen mot imperialismen må retta hovudstøtet mot dei." (s. 47).

Er dette den same lina? Nei. Lina i 1980-programmet er opportunistisk. Uttrykk for eit høgreavvik. Dette høgreavviket er ikkje noko særnorsk fenomen. Nedtoning av kampen mot det eigne borgarskapet og mot USA-imperialismen er kjerne i høgreavviket som har herja ml-rørsla over heile verda. Dette avviket har slått gjennom i 1980-programmet!

Det finst ikkje anna grunnlag for ein revolusjonær fredspolitikk enn ein konsekvent kamp mot begge supermaktene. I DET ØYEBLIKKET EIN SEIER AT DEN EINE ELLER ANDRE SUPERMAKTA ER DEN FARLEGASTE, GAR EIN BORT FRÅ EI REVOLUSJONÆR PLATTFORM TIL FØREMON FOR EI OPPORTUNISTISK. (Dette gjeld analysa av stoda i verda som heilskap - for land som Norge og, I land som Polen og El Salvador må ein sjølvstøtta retta hovudstøtet mot Sovjet og USA).

Nokre av argumenta som har vore nytta:

- Den ujamne utviklinga av imperialismen: Premissa er rette, konklusjonen er galen. Sovjet har tatt innpå USA økonomisk, og har vokse hurtigare i militær slagkraft enn USA, dei har interesse av ei omfordeling. Men USA vert ikkje mindre aggressiv av den grunn - begge supermaktene er aggressive og kan utløysa krig.
- Jamfø ringa med stoda før 2. verdskrigen: Dette argumentet er hovudsakleg gale. Grunnlaget for den anti-fascistiske einskapsfronten før 2. verdskrigen var ikkje at Tyskland Italia og Japan var forfordelte etter Den Første krigen og

då var på frammarsj. Grunnlaget var at dei var fascistiske. Medan den imperialismakta som meir enn nokon var på offensiven, var USA.

Grunnlaget for politikken til Komintern var ein analyse av at krigen som kom, ville vera ein rettferdig krig - men vil ein komande krig vera det?

- Er sovjet i dag militært overlegen? No er det vanskeleg å jømføra våpen-arsenala på dei to sidene. Men poenget er at begge supermaktene sit med våpen nok til å utsletta kvarandre mange gonger - kven som kan utsletta hin parten flest gonger, er uinteressant så lenge ingen av dei har "fyrste-slag-evne".

Den nye fredsørsla samsvarar med teorien om tre verdner, og er eit uttrykk for motseiinga mellom Vest-Europa og USA. Det er ikkje tilfeldig at fredsørsla i Vest-Europa oppstår på same tid som Solidaritet i Aust-Europa. Sovjet stør fredsørsla i Vest-Europa - men det er ikkje noko større problem enn at Reagan stør Solidaritet.

Vi kan aldri akseptera oppfatninga at vi lever i ei før-krigstid!

NEI TIL ATOMVÅPEN og AKP snakkar om to vidt forskjellige kriger. Eg trur NTA er meir realistisk enn AKP. No trur ikkje eg på verdas undergang - men ein atom-krig vil verta ein katastrofe ingen til no har oppløvd.

EIN NY VEROSKRIG VIL SETJA KAMPEN FOR SOSIALISMEN 50-100 ÅR ATTENDE.

Argumentet med NATOs avskrekkings-effekt:

P. G. G. [redacted] nyttar avskrekkings-effekten til NATO som argument for å verta ståande i NATO. Men kva består avskrekkings-effekten i? Kva vil USA gjera om det kjem til sovjetisk åtak på Norge? Avskrekkings-effekten er ikkje anna enn taktiske atomvåpen mot sovjetiske styrker i Norge. Det er absurd politikk å utnytte avskrekkings-effekten - tvert om er dette eit argument for å koma ut av NATO jo før jo heller. Den offisielle doktrinen er ikkje skapt for å forsvare Norge, men for å føra folk bak lyset, og for å bruka atomvåpen i Norge.

Vil atomvåpen verta nytta i Norge? Per Gunnar G. [redacted] argumenterer imot - og argumenta hans held for den offensive parten,

men ikkje for den defensive. For den parten som er på offensiven vert den radioaktive forureininga eit problem - for den defensive ein ekstra føremon. DOKTRINEN OM FYRSTE BRUK AV ATOM-VÅPEN ER EIN DOKTRINE FOR DEN UNDERLEGNE.

Resonnementet om at supermaktene kjempar for å ta over eit intakt produksjons-apparat, kan ein nytta for område som Ruhr - men knap t for Norge, som fyrst og fremst har interesse som militært baseområde.

Det er ingen grunn til å tru at supermaktene vil ha nokon interesse av å spara Norge. Tvert om. Den supermakta som tapar kontrollen over Norge må ein tru vil gjera kva dei kan for å hindra at motparten kan nytta det norske territoriet som baseområde. Korleis? Ved massiv bruk av atomvåpen.

Einaste vegen ut av uferet er å dra seg ut av NATO og byggja ut eit forsvar med ein reell avskrekkings-effekt. NEI TIL ATOM-VÅPEN, og underskriftkampanjen for eit atomfritt Norden, høver som hand i hanske til dette.

Kampen for å gjera Norge atomfritt er eit ledd i kampen for eit sterkt og uavhengig forsvar. Vinn vi fram i denne kampen, må Norge leggja om forsvaret frå atomparaplyen til USA, til å luta p å egne krefter. Det er òg sannsynleg at Norge i så fall vil dra seg ut av NATO's felles-kommando - i det minste er det då lagt eit godt grunnlag.

Den noverande partilina saboterer kampen for ei slik omlegging av det norske forsvaret. Derfor er ho ikkje revolusjonær, men borgarleg!

BILAG TIL SOLRENNING (I)

===== 01 APR. 1982
 KRITIKK AV INTERVJU MED PÅL S [REDACTED] I KLASSEKAMPEN 1.3.82:
 =====

Me meiner DS i Hordaland, ev. DS/AU bør ta avstand frå to utsegn
 Pål S [REDACTED] kjem med i samband med utmeldingane i Hordaland.

1. Det er ikkje rett å seia utan vidare at Torstein H [REDACTED]
 representerte eit "lite mindretal" på årsmøtet i Hordaland
 AKP. Avstemningane på årsmøtet viste at om lag ein tredjedel
 av delegatane støtta synsmåtane til den fløyen H [REDACTED] repre-
 senterte. I vanleg språkbruk er ikkje ein tredjedel eit "lite"
 mindretal. Som partiformann burde S [REDACTED] søkja sanninga utifrå
 fakta. Det som er rett, er at berre eit lite mindretal på års-
 møtet seinare trekte den konklusjonen at ei offentlig og kollek-
 tiv utmelding var det rette. S [REDACTED] skil ikkje mellom det å
 støtta dei politiske synsmåtane til H [REDACTED] og det å gå ut av
 partiet. Derfor er utsegnen feilaktig og ein provokasjon mot
 dei i fylkespartiet som enno er usamde med konklusjonane frå
 årsmøtet.

2. Endå meir feilaktig og sekterisk er S [REDACTED] sin reaksjon på
 at H [REDACTED] seier han vil jobba vidare i RV. H [REDACTED] har gjort
 mykje bra for RV, m.a. i Fylkestinget. No har [REDACTED] nått ut
 av partiet, og S [REDACTED] meiner han ikkje lenger er marxist-
 leninist. H [REDACTED] kan likevel framleis gjera mykje bra for RV
 og elles i klassekampen. H [REDACTED] har etter utmeldinga markert
 at han framleis representerer RV i Fylkestinget, men no som
 uavhengig sosialist. Så lenge H [REDACTED] står på det, er det ein
 einskap partiet må bygga på og prøva å styrka. Alt S [REDACTED] har
 å seia om den saka er:

"Det er et tilbud om samarbeid på sak, og vi tar naturligvis
 imot dette."

I den samanhengen dette står, er det arroganse, ikkje ei skikke-
 leg markering av vilje til einskap på eit RV-grunnlag.

3. Me meiner intervjuet med partiformannen i KK står for ei
 anna line enn det svaret DS/AU i Hordaland gav til brevet frå

BILAG TIL SOLRENNING (I)

dei utmelde. Me sluttar fullt oppnom svaret frå DS/AU. Me meiner DS/AU straks må ta tiltak for å prøva å redusera skaden av utsegna frå S [REDACTED]. Me meiner og DS/AU må ta saka opp med partiformannen og han bør gje eit svar til fylkespartiet.

Fagleg avdeling i Bergen.

til medlemmene:

fra DS/AU

DSAU har oversendt denne kritikken til PS med våre kommentarer og spørsmål. Det vil bli prioritert å få en rask behandling med et raskt svar slik at medlemmene får et svar fra partiformann og DSAU så snart råd.

BERGEN

Møteserier til AKP(m-l):

Onsdag 17.3 kl. 19.30

FREDSBEVEGELSEN OG

PARTIETS HOLDNING

Innledning: Torstein [REDACTED]e,

Minna A [REDACTED]

Sted: Gimle, 4. etg.

Entré: kr. 10,-

Lørdag 20/3 kl. 14-19

REVURDERING AV

STALIN?

Innledning: Egil [REDACTED]

Sted: Gimle, 2. etg.

Entré: kr. 10,-

MOTTATT

01 APR. 1982

KVA SKJER 1. MAI?

To alternativ; Eitt tog i Samorg-regi, eller to - enten det andre toget vert kalla FFFeller noka anna. Same kva utfallet vert - vi kan bare godta eit tog bygd på dei progressive tradisjonane, klassekamp og internasjonal solidaritet 1. mai.

Vurderinga er at det er visse voner for å få til eit slikt opplegg i Samorg-regi, og vi vil arbeida hardt for dette. Men det står og fell med kva som vert Samorg-toget si politiske plattform og profil. Vi kan derfor ikkje stå utan alternativ, men vil arbeida parallellt med å skapa så brei einskap som råd er for eit tog på progressivt grunnlag. - Det taktiske opplegget får mykje til fælles med kva dei gjer i Oslo, ser det ut til, utan at dette har vore samordna (jamfør innlegget til Håkon H. i KK 8. mars).

Konkret vil følgjande skje:

15. mars har Samorg eit særskilt møte for å diskutera 1. mai. AP sitt sentrale opplegg er "Arbeid og fred", einskap mot partiet Høgre, og hovudtalar Kåre Sandegren. Det vil bli fremma alternative opplegg, med kampen for tariffkrava og internasjonal solidaritet som dominerande. Eg trur AP vil sluka det meste om dei bare får gjera om toget til ei ufarleg støtterørsle for regjerings-opposisjonen.

Vil vi drukna i namnet til einskapen? Kva kan vi godta, og kva kan vi ikkje godta, utan å selja ut den progressive tradisjonen 1. mai?

Mi eiga vurdering; Parolen "Arbeid og fred" er akseptabel dersom dei andre parolane får ei klar innretting på klassekamp og internasjonal solidaritet, og vert likestilt med "arbeid og fred"-parolen. Det er ikkje akseptabelt at einskilte progressive parolar bare vert sopt ihop med ein haug med sosialdemokratiske. - Det andre stridsområdet vert om a-våpen og nedrustning. Helst såg vi ein sone-parole som tok med Kola og Keflavik, men NTA-parolen "Norden atomfri sone" er akseptabel dersom det uttrykkeleg vert

tillatt å ta med parolar som set vilkår om å bygga ned a-våpen retta inn mot Norden. SS-20-rakettane må fjernast. - Det tredje stridsområdet vert talar-spørsmålet, Kåre Sandegren vil truleg gjenta åtaaka på "krefter på høgre og venstre fløy som er framande for den demokratiske fagrørsla", slik vi høyrde frå Tor Halvorsen og Olav Lerø på Polen-dagen. Dette er ikkje akseptabelt. Lokale størrelser som Andahl Pedersen, Kåre Sunde o. l. er klart betre.

Utfallet av Samorg-møtet må vi vurdere på fritt grunnlag.

UFU, tidlegare Bergen SU, har vi nært samarbeid med. Men truleg vil dei vera villige til å sluka meir enn kva vi er, når det gjeld Samorg.

16. mars kallar vi saman ymse organisasjonar for å diskutere eit eventuelt alternativ til Samorg. Initiativet vert tatt av ein representant for fjorårets FFF. Poenget er å finna fram til ei sams plattform i 1. mai-arbeidet. Møtet gir oss ei viss handlefridom i høve til Samorg: Får vi eit positivt utfall av Samorg-møtet, kan vi trygt anbefala dette. Men vi får òg høve til å skapa eit alternativ.

Kven skal ta den endelege avgjerda? I veka etter desse to møta vil vi vitaein god del både om kva Samorg vil hamna på, og kva muligheter vi har når det gjeld "alternativ bredde". Vi vil då vera svært lydhøre for kommentarar frå avdelingane. Den progressive tradisjonen 1. mai er eigedomen til svært mange menneske, derfor bør desse vera med å ta avgjerda. Det kan vera rimeleg å ta den endelege avgjerda på eit ope møte kor vi innbyr alle som har jobba aktivt med FFF gjennom åra. Eit slikt møte bør koma ikring 30. mars.

Med andre ord, perioden mellom 16. og 30. mars ~~xxxxxxxxxxxx~~
~~xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx~~ er ei god tid for kommentarar frå avdelingane.

E ████

medlem av FF-sekretariatet i -81

Det finst ingen gode argument for at supermaktene vil spare Norge om det vert krig. Faren for at det vert nytta atomvåpen, er stor. Kampen for å hindra krigen er viktig. Dette er vi same om. DET ER DÅ AVGJERANDE VIKTIG Å RETTA SØKELYSET MOT KVA SOM KAN HINDRA KRIGEN.

Det er den ujamne utviklinga mellom USA og Sovjet som er årsaka til krigen - og Sovjet, ikkje USA, har behov for krigen. Dette må vere utgangspunktet. For å hindra krigen, må vi føra kamp mot begge supermaktene, men i hovudsak mot Sovjet, hemma framgangen deira, hindra at dei kjennar seg i stand til å starta ein ny verdskrig.

Vi har vore for dårlege i å gå vitskapleg til verks i å undersøke utviklinga av styrketilhøvet mellom supermaktene.

Økonomien

Eg har tatt for meg både CIA-statistikk og offisiell sovjetisk statistikk. Hovudinntrykket er det same. USA har herredømet - Sovjet er utfordraren. Sovjet har ein mykje meir militarisert økonomi enn USA har: Forbruket veks ikkje stort snøggare enn i USA, men investeringane og ganske særskilt militærutgiftene har tatt voldsomt innpå og faktisk passert USA-nivå ifølgje CIA-statistikken.

Offisiell sovjetisk statistikk syner at løna veks langsommare og profitten snøggare enn BNP - det offentlege forbruket veks òg snøggare enn BNP. Andelen som går til militærutgifter er antatt i dag å liggja på ca. 20 % av BNP.

Har Sovjet kjempeproblem og er eigentleg litt på knea?

Sovjet har liten kapital-eksport. Om vi jamferer med stoda før 1. og 2. verdskrigen, ser vi mykje det same - Tyskland hadde liten, før 2. verdskrigen mest ingen kapital-eksport, trass i at den tyske industri-produksjonen voks mykje snøggare enn den engelske. Kapital-eksport er ein metode for å leggja under seg arbeidarar i andre land - militær maktbruk er ein annan metode. Dei som ikkje har kontrollen over statsapparatet i andre land kan få vanskar med å nytta metoden med kapital-eksport effektivt. Tyskland måtte ha meir armslækken 20-30 år før 2. verdskrigen. Sovjet må

ha meir armslag i dag.

Hadde Sovjet nytta vesentleg mindre av verdiskapinga til militære føremål, ville dei fått frigjort store verdier som dei kunne ha nytta til kapital-eksport - men dels var dette knapt mogleg politikk, dels ikkje lønsomt (meir lønsomt å satsa på å ~~ny~~ vinna nye område ved militær styrke).

Sovjet butter mot grensene

og MÅ ekspandera - byttet som ligg best til, er Europa. EUROPA LIGG UPE TIL FOR UTPRESSING.

Sovjet har teknologi for å rykka fram gjennom eit område som har vore utsett for bombing med taktiske atom-våpen. Og dei har ein doktrine for å nytta slike våpen. Europa har ikkje mottrekk - anna enn å gi etter for sovjetisk press, eller lita på atomparap lyen til USA. DET ER BEHOV FOR Å SKAPA EIT TREDJE ALTERNATIV: EIT STERKT, UAVHENGIG, KONVENSJONELT FORSVAR.

Kva kan vi gjera for å hindra at ein stor-krig kjem?

(1) Utvikla internasjonal solidaritet.

=====

Støttearbeid for El Salvador, Afghanistan m. fl. NB! Sovjet er den supermakta som har interesse av krigen - derfor har internasjonal solidaritet med Afghanistan større effekt for å hindra krigen, enn den internasjonale solidariteten med El Salvador, utan at solidaritetsarbeidet med El Salvador vert mindre viktig. Men særleg viktig er arbeidet for Polen:

SOLIDARITETSARBEID FOR POLEN ER EFFEKTIVT OG MEGET VIKTIG FREDSARBEID.

(2) Styrka det konvensjonelle forsvaret.

=====


Dette er i hø g grad nødvendig!

(3) Ideologisk og politisk kamp for å rusta ned supermaktene

=====

er det tredje viktige feltet for kampen mot krigen. Men her må krava ha klar brudd mot Sovjet! Gjer vi tære gjennomslag hos USA, og ikkje Sovjet, vil vi knapt utsetja krigen - tvert om.

Kva med kravet om atomfrie soner? Dette kravet er bare ein, og ein lite effektiv, metode for å presse supermaktene. Ei atomfri sone som bare omfattar Norge, Sverige, Finland og Danmark, fjernar ikkje eitt atom-våpen, og er heilt i samsvar med ønskemåla til Brezjnef. Det er heilt avgjerande at det har krav som rettar seg mot supermaktene og særleg mot Sovjet.



NOEN NØKKELTALL FOR TYSKLAND OG ENGLAND

FØR 1. OG 2. VERDENSKRIG

KAPITALEKSPORT

	1900	1914	1930	1938
Tyskland	4800	6700	1100	700
England	12100	19500	18200	22900


(alle tall i mill. dollars)



PRODUKSJON


Indeks for industriproduksjon

	1870	1900	1913
Tyskland	100	333	613
England	100	180	227




Indeks for produksjonsvolum (1913=100)

	1932	1935	1939
Tyskland	100,8	113,2	186,8
England	106,2	121	133,8



Tallene er hentet fra div. kilder
sitert etter Røde Fane 6/79



Her ser vi USA og Sovjets andel av verdens samlede verdiskapning knyttet på bakgrunn av alle landets brutto-nasjonalprodukt i 1975. Den totale verdiskapning i verden er beregnet til \$409 milliarder dollar. Disse tallene stemmer for USA's verdiskapningsandel. Andre beregninger kan gi andre tall. Sovjetene tiller vi vanligvis anslått til de land som vi regner til deres interessefelter til ca. 37 prosent av verdens brutto-nasjonalprodukt. Sovjetunionen legger antagelig mer enn de amerikanske og europeiske beregninger. Likevel vil Sovjets andel fortli meget liten i forhold til USA.

Tall vedr. Sovjet:

Kilde:
 Offisiell
 sovjetisk
 statistikk

	1970	1975	1977
BNP	100	136	149
Lønn arbeidere industri	100	123	132
Profitt	100	160	183
Investering	100	140	151
Off. forbr. (statsbudsj.)	100	139	156

Kilde:
 Amerikanske
 utredning

	1955	1960	1965	1975
BNP	100	100	100	100
Forbruk, off. og privat	62,1	62,2	61,4	56,9
Investeringer	25,4	28,2	27,8	27,6
Militærutgifter	11,5	8,9	10,2	14,7

STYRKETILHØVET MELLOM SOVJET OG USA

I: Korleis står motseiingane?

Sentralt i dei politiske diskusjonane på årsmøtet stod motseiingane på freds- og forsvarspolitik. Etter mi meining viste årsmøtet at mykje av usemja botnar i ulike vurderingar av styrketilhøvet mellom Sovjet og USA. Tilsynelatande er alle samde om at det er rivaliseringa og den ujamne utviklinga mellom supermaktene som fører til krig. Problemet er at ulike folk legg ulikt i dette. Nokre legg mest vekt på rivaliseringa og ser føre seg to (nesten) jamnbyrdige og derfor like farlege partar. Andre legg meir vekt på den ujamne utviklinga og ser hovudfaren i Sovjet som vil nytta ut den nye styrken sin.

Den som går lengst i å hevda at der er likevekt mellom Sovjet og USA er An[redacted]. I Solrenning hevda han at spørsmålet om hovudtrugsmålet er eit blindspor. På årsmøtet hevda han at der er militær likevekt mellom Nato og Warszawa-pakta i Europa. Han mei-

ner der er stor fare for at USA skal nytta Noreg som ein offensiv base mot Sovjet.

M[redacted] går ikkje like langt som A[redacted]. Eg meiner likevel ho overvurderer USA når ho seier at kampen for eit nasjonalt og uavhengig forsvar først og fremst er ein kamp mot USA. For å grunn- gje det nærare, må eg først seia korleis eg meiner den faktiske styrken til Sovjet og USA er.

II: Kvifor Sovjet er sterkare enn USA, særleg i Europa

- 1) Sovjet har dei siste tiåra hatt ein sterkare økonomisk vekst enn USA.
- 2) Sovjet har eit fascistisk system som gjer det lettare å konsentrera dei økonomiske ressursane om militærapparatet.
- 3) Sovjet har i Europa eit kraftig overtak på USA/Nato i konvensjonelle styrkar. Særleg gjeld dette i talet på soldatar og stridsvogner, noko som er avgjerande

i ein konvensjonell krig på Kontinentet.

4) Sovjet står mykje står mykje sterkare enn USA/Nato på nordflanken (Noreg og Norskehavet) og på sørflanken (området rundt den persiske gulfen).

5) Ved hjelp av overtaket på nord- og sørflanken kan Sovjet truleg skaffa seg eit avgjerande militært/geografisk overtak. Med kontroll av Noreg og Norskehavet kan Sovjet med sine marine- og flystyrkar dei-va USA vest for aksen Grønland/Island/Storbritannia. I ein slik situasjon vil Atlanteren vera USA sin achilleshæl. USA vil med den noverande styrken sin vera ute av stand til å få fram nok forsyningar til å stogga Sovjet effektivt i Sentral-Europa

Dette biletet må nyanse- rast noko, ellers så hadde krigen vore over oss for lengst. Sovjet har sine problem, m. a. låg produktivitet, kronisk jordbrukskrise og eit noko lågare teknologisk nivå. Polen er eit stort problem for

Sovjet, både politisk, økonomisk og militært. Okkupasjonen av Afghanistan er langt frå smertefri. USA har på si side viktige føremoner i større økonomiske ressursar, og USA vil vera betre i stand til å føra ein langvarig krig. Nato har enno stor militær slagkraft til at Sovjet må ta Nato-styrkane på alvor. Det er ikkje sikkert Sovjet syns dei har stort nok overtak, i alle fall ikkje enno. Likevel er hovudtendensen klar: Det er Sovjet som styrkar seg.

III: Å seia USA er svekka er ikkje å søka borgarfred med USA

El Salvador syner tydeleg nok at USA ikkje har vorte "snillare" etter Vietnam. For folka i Latin-Amerika er USA framleis den farlegaste supermakta. Partiet må gå skarpt mot USA både i El Salvador og i Tyrkia. Me bør stø Nordland AP når dei går mot amerikanske Nato-øvingar i Noreg. Å sjå vekk ifrå brotsverka til USA ville vera eit tross på den proletariske internasjonal-

liismen. Me legg heller ikkje ned klassekampen i Noreg fordi om Noreg er truga av åtak frå Sovjet.

El Salvador og Tyrkia er likevel ikkje argument for å hevda at USA er like farlege som Sovjet med omsyn på ein imperi-
alistisk omfordelings-
krig. Nøkkelen til verds-
hegemoni ligg først og
fremst i den militære
kontrollen over Vest-
Europa. For å vinna ein
slik kontroll er det
Sovjet som må gå til
krig, ikkje USA.

IV: Er kampen for eit
nasjonalt og uavhengig
forsvar ein kamp mot
USA, slik M. [redacted] hevdar?

USA oppretta Nato for å
trygga verdshegemoniet
etter sigeren i den an-
dre verdskrigen. I dag
er situasjonen ein an-
nan. I tilfelle åtak
frå Sovjet vil USA og
Vest-Europa vera på de-
fensiven militært. Po-
litisk vil nasjonane i
Vest-Europa kjempa ein
rettvis forsvarskrig.
USA kan og koma til å
kjempa ein rettvis krig,
men det kjem an på flei-
re faktorar som me i
dag ikkje kjenner. Ho-
vudproblemet med Nato

er derfor ikkje at t.d.
norske flyplassar skal
nyttast i offensive ope-
rasjonar mot Sovjet.
Desse planane er urea-
listiske skrivebords-
produkt. Hovudproblemet
med Nato er at det er
eit feilaktig svar på
trugsmålet frå Sovjet.

Blant borgarskap et i
Vest-Europa er der i
dag to hovudtendensar:
1) Å satsa på billige
(amerikanske) atomraket-
tar i staden for dyre
konvensjonelle styrkar.
2) Å føra Chamberlain-
politikk, dvs. å lukka
augo, tru på avspenning
og vona det går bra. Beg-
ge desse tendensane har
samanheng både med den
økonomiske krise og med
at borgarskapet av na-
tur er lite villig til
å forsvare nasjonen når
det trugar profitten.

Borgarskapet sin poli-
tikk aukar faren for
krig. Ein reell freds-
politikk må kjempa mot
desse tendensane. Dess-
verre er desse kreftene
svake i dag, kanskje med
unnatak av Frankrike.


V: Hovudproblemet for oss er det norske borgarskapet, ikkje USA

I Noreg står Willoch for atomrakett-lina, "venstre"fløyen i sosialdemokratiet (Førde, Steen, SV) for Chamberlain-lina. Det er deiira politiske makt i Noreg som er problemet meir enn USA. Utifrå sjølvvråderetten er det ingen ting i vegen for at Stortinget kan ædta å bygga ut eit invasjonforsvar i Sør-Noreg. Det same gjeld spørsmålet om kommando-systemet. Gjekk Noreg heilt ut av Nato og satsa på eit sjølvstendig forsvar, ville nok USA murra kraftig. Ein militær okkupasjon av Noreg ville likevel vera lite sannsynleg: Det ville truleg utløysa eit sovjetisk mot-atak.

VI: Sluttcommentar:

Teoretisk er det mogleg at situasjonen vil endra seg. Krisa i USA kan gli over og Reagan kan klara å vinna tilbake tapt styrke. I så fall må me vurdere spørsmålet om styrketilhøvet på nytt. Men i dag må me ta utgangspunkt i at den beste fredspolitikken er den som kan gjera sovjetisk frammarsj vanskeligare.

T [REDACTED] B.



innhold:

I. MAI

FFF-92 ², av [redacted] s. 2

YMSE DISK.

Dobbelt mord ??, av [redacted] s. 5

FREDSDEBATT

- Opplegg for opne møk s. 6

- Innl. v/H [redacted] s. 7

- Innl. v/T [redacted] s. 11

styrke tilkøst Sovjet/USA s. 16

v/- [redacted] B.